

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

«Yrkeslabyrinten (sammenslutning av opplæringskontor i gamle Hordaland) tok i brev i høst kontakt med administrasjonen og politikerne i fylket for å gi beskjed om det de anser som utfordringer vedrørende fag- og yrkesopplæringen i Vestland fylkeskommune. Særlig gjaldt dette administrativ kapasitet, forvaltningen, forsinket saksbehandling og uklar organisering. Senere har også opplæringskontor fra gamle S&F også sluttet seg til hele eller deler av kritikken. Basert på den videre dialogen utover høsten er dette utfordringer som fortsatt er gjeldende.

På bakgrunn av dette stiller undertegnede følgende spørsmål:

- Kjenner fylkesrådmannen seg igjen i beskrivelsen av situasjonen?
- Hvilke tiltak er satt i verk for å bedre situasjonen siden henvendelsen i høst?
- Hva er administrasjonens syn vedrørende den administrative kapasiteten innenfor området totalt sett?
- Vil fylkesrådmannen evaluere dagens innretning og eventuelt gjøre justeringer?»

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Breva som det vert vist til i spørsmålet peikar på fleire område som fylkeskommunen kjenner seg att i. Det vert peika på viktige område som er til hinder for at vi skal få kvalitet i opplæringa i bedrift, særleg forvaltningsoppgåver. Dette er problemstillingar som fylkesrådmannen kjenner seg att i.

Problema vi står ovanfor er samansette, med omsyn til organisering og kapasitet. Fleire tilsette med god kompetanse har gått ut av organisasjonen og det har teke tid å få erstatta desse.

Samstundes må vi erkjenne at det tek tid å få på plass gode rutinar for drift og oppfølging i ein ny organisasjon. Pandemien COVID-19 har forsterka situasjonen ytterlegare.

Fylkesrådmannen har følgd opp opplæringskontora gjennom eigne møte der problemstillingane har vore drøfta. I tillegg er det gjennomført dialogmøte med alle opplæringskontor i Vestland der dette også har vore tema.

Fylkesrådmannen sette i verk tiltak for på kort sikt betre kvaliteten på tenester:

- Gjennomført møte med opplæringskontora
- Beta informasjon til opplæringskontora
- Auka sakshandsamarkapasitet ved å hente inn kompetanse frå rettleiingstenesta
- Gjennomført dialog med opplæringskontora for å klargjere oppdrag mellom ulike nivå og i einingar
- Sikre god implementering av ny organisasjon, rutinar og arbeidsmåtar

Fylkesrådmannen arbeider no langsiktig for å etablere gode strukturar for dialog og samhandling, auka tenestekvaliteten og redusere sakshandsamingstida. Det er rekruttert to nye medarbeidarar, ein i Førde og ein i Bergen. Vestland fylkeskommune har 6479 løpande lærekontraktar/ opplæringskontraktar.

Fylkesrådmannen vurderer kapasiteten til å følgje opp forvaltningsoppgåver og kvalitetssikring av opplæring i bedrift til å vere låg.

Fylkesrådmannen vil peike på at det tek tid å etablere og erkjenne endringar som følgje av ny organisasjon. Samstundes må fylkesrådmannen sjå til og vurdere tenestekvaliteten. Hovudutval for opplæring og kompetanse og yrkesopplæringsnemnda er orientert om oppfølging av breva som det er vist til i spørsmålet.